



Arbeids- og sosialdepartementet
Postboks 8019 Dep.
0030 OSLO

Arbeids- og sosialdepartementet	
Saksnr.: 05/03121	Dok.nr.: 32
Arkivkode: 416. 0	Dato: 04.11.05
Avd.: SAP	Saksbeh.:
U.off.:	

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200305288-12/021/MTOR

Dykkar ref.:
200503121


Bergen, 02. november 2005

Forslag til ny lov om arbeids- og velferdsforvaltningen og tilpassinger i visse andre lover. Høringsfråsegn

Vi viser til høringsbrev datert 8. august.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama saka i møte 27. oktober, og gjorde slikt vedtak:

- 1 Fylkesutvalet vil peike på at Aetat er ein viktig samarbeidspart i det regionale partnerskapen, og at det er viktig å vidareføre og vidareutvikle dette også i den nye arbeids- og velferdsforvaltninga.
- 2
 - a) Skal ein skal få fleire tilbake i jobb, og for at ei samordning i førstelinjeteneste/etatar skal verta vellukka, må brukarane setjast i sentrum. Det må takast omsyn til at enkelte ikkje vil ha restarbeidskraft, desse må også kjenna seg trygge.
 - b) Fylkesutvalet er av den oppfatning at nærleik til brukarane og lokal kjennskap kan vera ein fordel, så lenge retningslinene for tenestene er klare. Det må kunna fattast raske og effektive vedtak. Forhold mellom arbeidsgjevarar og styresmakter vil vera ein suksessfaktor.
- 3 For å få til ein balansert utvikling i heile landet, bør delar av etaten bli lokalisert utanfor sentrale strøk. Det kan vere naturleg å flytte ut delfunksjonar ut i landet. Vidare tilseier både omsynet til utflytting av statlege arbeidsplassar og omsynet til å utvikle eit godt samarbeid med kommunane og med regionalt nivå at det vert ein myndiggjort regional administrasjon. Eventuelle grenser for regionkontor i den nye arbeids- og velferdsetaten må vere samanfallande med framtidige grenser for det regionale folkevalde nivået.


Matti Torgersen